



FAU ved Fridalen skole

Innkalling til årsmøte i FAU ved Fridalen skule Skuleåret 2021/22

Den 31.08.2022 kl. 19-21 er det årsmøte for
Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) ved Fridalen skule

Stad: Fridalen skole, Filmsalen

Saksliste:

1. Godkjenning av innkalling
2. Godkjenning av referat frå møte 1. juni 2022.
3. Oppmøte nye/gamle FAU-representantar
4. Informasjon frå skulen v/ rektor (10 min)
5. Valg av 2 repr. som skal godkjenne protokoll (referatet frå årsmøtet)
6. Behandling av årsmeldinga for skuleåret 2021/22 (vedlegg til innkalling)
7. Behandling av rekneskap for skuleåret 2021/22 (vedlegg til innkalling) v/kasserar Børre Myklebust
8. Godkjenne budsjett for skuleåret 2022/23 (vedlegg til innkalling) v/ kasserar Børre Myklebust
9. Valg av FAU-styre for skuleåret 2022-23 (leiar, nestleiar, sekretær og kasserar).
Valg av revisor. Det er førehandsmeldte kandidatar til alle styreverv. Nye kandidatar kan melde seg i møtet eller sende e-post til FAU-leiar før møtet.

Kandidatar:

Leiar: Velaug Myrseth Oltedal (4D)

Nestleiar: Lisa Hartveit (2B)

Kasserar: Børre Myklebust (4B)

Sekretær: Kristel Furset Karlsen (5C)

10. Val av representantar til SU og SMU.

Normalt er det leiar og nestleiar som stiller på desse møtene, men iflg vedtektene skal det velgast representantar på årsmøtet. Vi bør velge ein vararepresentant også.

11. Informasjon om FAU-handbok. Oppdatert versjon.
12. Forslag til vedtaksendring. Styret foreslår ein mindre endring i vedtektene §7 Styret. Noverande vedtekter finnes her: [VEDTEKTER | minside \(fridalenfau.com\)](https://www.fridalenfau.com/minside/VEDTEKTER)

Ny foreslått tekst er utheva i blått under:

«Styret velges av årsmøtet hvert år og består av leder, nestleder, kasserer og sekretær. *Styremedlemmer velges for ett år om gangen. Styremedlemmer kan stille til gjenvalg, og det oppfordres til at styremedlemmer sitter minst 2 år for å sikre kontinuitet i styret.*

Leder er ansvarlig for driften av FAU, møteledelse og for å representere FAU utad. Leder skal sørge for god dialog og tett samarbeid med skolens ledelse.

Styret skal bistå leder i følgende oppgaver:

- planlegging, gjennomføring og referatføring av møter
- oppfølging av arbeidsgruppene
- administrering og føring av nødvendig kontroll med Foreningens økonomi i henhold til §7.

Nestleder skal tre inn i leders sted dersom leder må trekke seg fra vervet.»

Vedtekstendring kan berre skje i årsmøtet og krevjer 2/3 fleirtal i vedtaksdyktig FAU. FAU er vedtaksdyktig dersom minst 2/3 av representantane er tilstades.

13. Godkjenning av møtedatoar for skuleåret 2022/2023: Forslag er siste onsdag i månaden som før.
28.09, 26.10, 30.11, 25.01, 22.02, 29.03, 26.04, 31.05, 30.08 (årsmøte).
14. Ressurssette FAU-arbeidsgrupper, FAU-kontaktperson for SFO og ressursgruppe for TV-aksjonen og for natteravngruppa. Denne saken gjennomførast så langt tida strekk til.
(Fysisk skulemiljø, psykososialt skulemiljø, kultur- og kursgruppa, 17.mai-gruppa). Arbeidsgruppene vel leiar eller ansvarleg for å kalle inn gruppa til første arbeidsmøte.
15. Eventuelt - meld inn seinast ved møtestart

Vel møtt!

Mvh

Velaug Myrseth Oltedal
FAU-leiar for Fridalen skule
mob 41 64 99 97